

Kulturprisen Sverre Bungum

"Sverre Bungum har budd og arbeidd i kommunen storparten av sitt 88-årige liv. Som rektor, skulesjef og barne-og familiesjef var han opptatt av det utvida kulturomgrepet, det som gjaldt på alle livetsområde og for alle aldrar. Kultur, idrett, friluftsliv, litteratur, folkehelse og ikkje minst sosiale møte mellom generasjonar og kulturar. Sverre var mellom mykje anna initiativtakar til internasjonale konferansar om demokratiutvikling og kulturutveksling med ungdom mellom Balkan og her heime. Ungdom som spelte fotball eller utøvde musikk og kunst fekk høve til å besøkja kvarandre fleire gonger. Dette skjedde ved hjelp av bosniske flykningar i Sund og har sett varige spor hos mange.

Som pensjonist finn Sverre tid til formidling i ulike fora, både munnleg og skriftleg. Han er god å lytta til når han kåserer over kulturhistoriske tema, og han er alltid interessant å lesa. Årleg er han ein av artikkelforfattarane i Museum Vest si årskrift "Havstrilen" og i dei seinare åra har han til og med forfatta fleire bøker. Lesarinnlegg i Vestnytt viser at han framleis er kultur-og samfunnsinteressert. Han kan både utfordra, provosera og overraska oss med sine meiningstringar, men innlegga er alltid velformulerte. Han har òg hatt ei fast spalte i Vestnytt der han skildra utsikten frå verandaen sin med ein elegant og humoristisk stil. Sverre Bungum fortener kommunen sin kulturpris for sin mangfoldige innsats på kulturområdet gjennom mange tiår. Vi er mange som er glade og takksame for det han har utretta og der han framleis er aktivt med."

Folkehelseprisen Jarle Sælensminde

"Både som yrkesaktiv på Sund skule og som pensjonist har Jarle Sælensminde gjennom mange tiår vore engasjert i kulturaktivitetar og friluftsliv med tanke på at det har stor verdi for trivsel og livskvalitet for folk i alle aldrar. Dette er svært viktig for folkehelsesatsinga. Han har tatt initiativ til prosjekt som "Levande bygd 1 og 2" og invitert til fellesdugnader for å fremja samhald og aktivitet. Det har skapt engasjement og involvering av gamle og nye innbyggjarar på Klokkarvik og dei som har besøkt bygda. Nye former for samarbeid har oppstått og tilboda er mange. I dag koordinerer han eit mylder av aktivitetar for barn og vaksne, både på sjø og land. Det er berre å følgja med på heimesida "Klokkarvik, grenda vår" som vart oppretta for 7 år sidan. Han er sjølv aktivt medlem i Klokkarvik grendelag og Sund kystlag. Jarle er òg sterkt engasjert i Lions Club Sotra og støttar tiltak som gir trivsel og meiningsring for gamle og unge med ulike utfordringar i heile kommunen. I tillegg finn han tid til å skriva engasjerte innlegg til Vestnytt og på sosiale media om korleis lokalsamfunna kan utvikla seg til beste for dei som bur i bygdene i Øygarden kommune.

MOT til å glede-prisen: Emil Jonasdal Johannessen

"Ein fin kandidat til denne prisen, er Emil Jonasdal Johannessen. Emil er kortvachsen, han har stått fram som han er med sin diagnose, Hypokondroplasi, og vist for verda at ein som annleis også kan passa inn og prestera. Gjennom dokumentaren «Gigantene» på NRK og som skodespelar i ungdomsserien «Rykter» har Emil vist Mot og vore modig. Han har fått mange fine tilbakemeldingar, og får stadig hyggeleg merksemeld der han sit i kassen på Kiwi Ågotnes. I tillegg held han på å studera film. Han var student på Danvik mediefolkehøyskole inntil mai i 2024 og studerte ved filmlinja der. Han viser også mot da han takka ja til å sitja i ungdomsutvalet til Hordaland fotballkrins. Her jobbar han for å visa at fotball er for alle. Det kan nemnast at han vart oppmuntra av Lise Klavenes til å takka ja til plassen. Eg blir litt inhabil siden Emil er sonen min, men eg synest det er viktig å skyva dei som er annleis fram i front. Vi tenkjer at jo fleire som veit om det å vera kortvachsen og som veit kven Emil er, jo betre. Kanskje han etter kvart får færre undrande blikk, og blir mindre utsett snikfilming, når «vanlege folk» blir vane med å sjå menneske som ikkje ser ut som seg sjølv ;-)"

Frivilligprisen: Tofterøy KFUK/KFUM

Frå Martin Hufthammer som nominerer Tofterøy KFUK/KFUM speidarar: "Gruppa som heldt til på Klokkarvik har i fleire år stått på for eit aktivt og meiningsfullt fritidstilbod for barn og unge i kommunen. Sidan gruppa starta opp i 2019 etter mange år i dvale, har dei vaksne veldig, og har no over 50 speidarar. Leiarane nyttar alt av fritid til barne- og ungdomsarbeidet, og syter for eit flott,

variert og nyttig mangfald av aktivitetar. Dei har stort fokus på inkludering, og personleg utvikling hos speidarane sine. Leiarane i gruppa har no teke initiativ til, og fått til eit samarbeid med dei andre speidargruppene i Øygarden. Fokuset er igjen inkludering på tvers, og dei er genuint og oppriktig engasjert for å bidra til folkehelse i framtidas born og unge. Dei fleste av leiarane har også kurs i

Synest at desse bør få pris på grunn av at det er ei fantastisk gruppe med mange elevar og enda er i vekst. Når dei flytta lokasjonen sin til Klokkarvik grendelag, så fekk dei inn endå fleire deltagarar og barn som ville bli speidar. Dei gjer fantastiske ting og gjev opplevingar for ungane som er med. Her får dei 1.5 time med skjermfri tid og er ute i allslags vær. Det er heilt fantastisk! Dei som driv speidargruppa er også skikkelege pådrivarar og stiller alltid opp, med Martin Hufthammar i spissen. Dei gjev barna sjølvtillit med å la dei ta styring når det gjeld å visa veg med lommelykt og kart. Det er eit fantastisk lag, og eg er glad for at dei driv med det dei gjer!"

Speidargruppa har vore svært aktive aktive og engasjerte i å inkludera alle. Dei står på for eit aktivt og inkluderande samfunn, og har lukkast i å samla alle speidargrupper i Øygarden i eitt fora. Jobben Tofterøy KFUK/KFUM speidarar har gjort er unik. På få år har gruppa ekspandert stort, og det er langt fleire speidarar i kommunen no enn det har vore tidlegare. Samarbeidet gruppa har oppretta med dei andre speidargruppene bidrar til at speidarane er mykje meir synleg i heile kommunen.

Tilgjengeprisen: Sotra United

Sotra United er eit strålende eksempel på korleis idrett kan vera ein inkluderande arena for alle, uansett bakgrunn eller funksjonsnivå. Laget blei starta som ein del av Nest-Sotra Fotball med utgangspunkt i Norges Fotballforbunds visjon om Fotball for alle. Denne visjonen har blitt realisert gjennom eit lag som gir eit verdifullt tilbod til dei som ikkje finn seg til rette på ordinære aldersbestemte lag, anten på grunn av funksjonsnedsetjing eller andre faktorar. Sotra United har skapt eit rom for mangfald, og dette mangfaldet har berika klubben og lokalsamfunnet. Gjennom målretta innsats og tilrettelagt aktivitet har de gitt ei gruppe menneske, som ofte opplever eksklusjon frå tradisjonelle idrettsarenaer, høve til å delta på lik linje med andre. Dette er ikkje bare eit idrettstilbod, men ein arena for vennskap, meistring og fellesskap som er tilpassa behovet til den enkelte. Denne satsinga har kravd ekstra ressursar, og gjennom eit sterkt samarbeid med kommunane Fjell, Sund og Øygarden, samt støtte frå klubben, har det vore mogleg å byggja eit tilbod som er både inkluderande og av høg kvalitet. Det er imponerande korleis Sotra United har makta å skapa eit miljø der alle føler seg velkomne og kan utvikla seg i sitt eige tempo, i ei ramme som er både trygg og stimulerande. Sotra United fortener tilgjengeprisen fordi dei verkeleg set fokus på inkludering i praksis. Dei har vist at det er mogleg å leggja til rette for ei brei gruppe menneske med ulike behov, samtidig som dei byggjer eit fellesskap som gir positive ringverknader langt utover idrettsbanen. Ved å anerkjenne Sotra United med denne prisen, vil Øygarden kommune kunna løfta fram et forbilde som viser korleis vi som samfunn kan leggja til rette for deltaking og glede for alle, uavhengig av funksjonsevne."